

Grunnordning for hovudgudstenesta i Åseral sokn frå advent 2020.

P Prest. A Alle ML Medliturg/klokkar.
--

Kyrkjene i Åseral har den nye salmeboka, med unntak av Ljosland Kapell, som har den gamle.

Klokkeringing. Ca 5 minutt før messa tek til.

Kyrkjerommet er ope ei stund før gudstenesta, med høve for kyrkjelyden til å vera stille, tenna lys i lysgloben og be.

Samling

ML | Informasjon om gudstenesta: Dag i kyrkjeåret, informasjon om dåp/nattverd, namn på prest og organist, mm.

Samlingsbøn

ML | Lat oss be for gudstenesta!

Gud, vi er komne inn ditt heilage hus for å ta imot det du vil gje oss.

Lat no opp hjarta våre, så vi kan fornyast i trua på deg.

Vi bed i Jesu namn. Amen.

- Lat oss vera stille for Gud.

5 sek stille. 3 klokkeslag.

Preludium / forspill til salme / eventuelt dåpsprosesjon.

Inngangssalme

Helsing

P | Nåde være med dykk og fred frå Gud, vår Far, og Herren Jesus Kristus.

Syndsvedkjenninga

P | Lat oss bøya oss for Gud og sanna syndene våre.

A | Gud, ver meg nådig! Tilgjev meg mi synd for Jesu Kristi skuld.

Skap i meg eit reint hjarte og gjev meg kraft til nytt liv ved Din Heilage Ande. Amen.

P | Guds ord seier: Dersom vi sannar syndene våre, er han trufast og rettferdig, så han tilgjev oss syndene og reinsar oss for all urettferd. **1 Joh 1,9.**

Bønerop (Kyrie) (Den gamle ordninga frå 1980)

A | Kyrie Eleison, Gud Fader miskunna oss.

Kriste eleison, Herre Krist miskunna oss.

Kyrie eleison, Heilag Ande miskunna oss.

Lovsong (Gloria)

P | Ære vere Gud i det høgste.

A | Og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i. Vi lovar deg, vi prisar deg, vi tilbed deg, vi opphøgjer deg. Amen.

Dagens bøn

P | Lat oss alle be. **Bøn for dagen i kyrkjeåret.**

Dåp kjem eventuelt her. **Med dåpssalme og truvedkjenninga med forsakinga.**

Ordet

Første lesinga. **Kyrkjelyden sit under første og andre lesinga.**

P | Lat oss høyra Herrens ord.

ML | **Det står skrive hos/i ... Lesinga sluttar med: Slik lyder Herrens ord.**

Salme

Andre lesinga

ML | **Det står skrive hos/i ... Lesinga sluttar med: Slik lyder Herrens ord.**

Salme

Evangelium

P | Lat oss reisa oss og høyre Herrens ord!

Halleluja

Evangelieleasinga blir innleidd med eit hallelujaomkvede.

A | Syng frå Norsk Salmebok 2011: 977,5.

Evangelieleasing

P | Det står skrive i evangeliet etter...

Lesinga sluttar med:

P | Slik lyder det heilage evangeliet.

Respons

Hallelujaomkvedet blir teke oppatt.

Preike

Preika kan avsluttast med lovprisinga:

P | Ære vere Faderen og Sonen og Den heilage ande, som var og er og vera skal éin sann Gud frå æve og til æve.

Truvedkjenninga

P | Lat oss reisa oss og vedkjennast vår heilage tru!

Alle reiser seg.

A | Eg trur på Gud Fader, den allmechtige, som skapte himmel og jord.

Eg trur på Jesus Kristus, Guds einborne Son, vår Herre, som vart avla ved Den heilage ande, fødd av Maria møy, pint under Pontius Pilatus, vart krossfest, døydd og vart gravlagd, fór ned til dødsriket, stod opp frå dei døde tredje dagen, fór opp til himmelen, sit ved høgre handa åt Gud, den allmechtige Fader, skal koma att derifrå og døma levande og døde.

Eg trur på Den heilage ande, ei heilag, allmenn kyrkje, eit samfunn av dei heilage, forlating for syndene, oppstoda av lekamen og evig liv. Amen

Salme

ML | Kunngjeringar

Forbøn for kyrkja og verda.

Når det ikkje er medliturg med på bøna les presten heile bøna.

P | *Vend mot kyrkjelyden:* **Lat oss vende oss til Gud i bøn!**

Vend mot altaret: Allmechtige, evige Gud, vi takkar deg og prisar ditt heilage namn, for du er god og di miskunn tek aldri slutt.

P | **Vi ber for folk og nasjonar i verda.**

ML | *(Ved lesepulten):* Må du gje statsleiarar vilje og visdom til å fremje rettferd og fred, og gje oss alle evne og vilje til å ta vare på jorda du har gjeve oss.

Vi bed for flyktningar og krigsofre, og vi bed for dei som lir urett og som er undertrykte rundt omkring i verda. Lat alle folk og nasjonar leve saman i fred og tryggleik.

Ver også nær hos dei som er ramma av ulykker og naturkatastrofar. *Aktuelle bønema kan takast med:*

Vi bed særskild for alle dei som er råka av krigen i Ukraina. Må du skape fred der krigen raser.

Gud, vi bed.

P | Så ber vi for vårt eige land og folk.

ML | Vi bed for Kongen og hans familie, for Stortinget, regjeringa, for fylkestinget og dei lokale styresmaktene.

Vi bed òg særskild for dei som er sjuke og einsame, for dei som er sørgjande, for arbeidslause og heimlause, og for dei som sit i fengsel. Og vi bed òg for alle dei som nyleg er komne til landet vårt. Hjelp du oss alle å ta godt imot dei.

Aktuelle bønetema kan takast med.

Gud, vi bed.

P | Så ber vi for den verdsvide kyrkja og kyrkja i vårt eige land.

ML | Må du gi einskap mellom alle truande. Styrk forkynnarar og misjonærar rundt omkring i verda, og gi dei styrke og glede i arbeidet. Velsign særskild alle dei som vert forfylgde på grunn av si tru.

Vi bed særskild for misjonsprosjektet vårt i Liberia. Lat vårt bidrag hjelpe folk ut av fattigdom og fremja rettferd og tru. Velsign kyrkja si leiing og biskopen vår.

Aktuelle bønetema kan takast med.

Gud, vi bed.

P | Så ber vi for vår eigen kyrkjelyd og staden der vi bur.

ML | Vi bed for gudstenestelivet, for diakoniarbeidet og for trusopplæringa. Gi oss alle mot og vilje til å tene deg.

Velsign konfirmantane våre og lat dei kjenne seg heime her i vår kyrkje.

Vi bed òg for alt barne- og ungdomsarbeid her i Åseral. Vi ber for barnehagen og skulen. Hald di vernande hand over dei som veks opp her iblant oss og lat dei unge finne tryggleik i trua på deg.

Vi bed for alle frivillige medarbeidarar i kyrkje og i bedehus. Gi oss alle styrke og visdom til å gjere ei god teneste i arbeidet i ditt rike. Lat oss kjenne at vi står saman i Guds rikes arbeid.

Vi bed for arbeidet i soknerådet og i komitéar, for gudstenester og andaktar og alle andre samlingar i ditt namn. Lat ditt ord ha framgang her hos oss.

Så bed vi særskild for alle familiane. Lat heimen vere ein god og trygg plass for alle.

Lat Åseral vere ein god kommune å bu i og virke i for oss alle. *Aktuelle bønetema kan takast med.* Gud, vi bed.

Forbøna kan avsluttast slik:

P | Stilt vil vi no leggje fram for deg det kvar av oss har på hjartet.

Stille bøn

ML | I dine hender, Gud, legg vi alt og alle vi no har bede for, i Jesu Kristi namn.

Bønesalme. *Frå Salmer 1997, Nr. 161:*

*Å Gud, høyr vår bøn, å Gud, høyr vår bøn.
Når vi bed, gjev oss svar. Å Gud, høyr vår bøn,
å Gud, høyr vår bøn. Kom og ver du oss nær.*

Takkoffer. *Normalordning er ofring ved gang rundt alteret.*

Vipps: 109823; Åseral sokn

Takkebøn

P | Evige Gud, di er jorda og det som fyller henne. Alt vi eig høyrer deg til. Av ditt eige gjev vi deg attende. Ta imot oss og gåvene våre i Jesu namn. Amen.

Nattverd

Nattverdssalme

Helsing

P | *Syng eller seier* – Herren vere med dykk.

A | *Reiser seg og syng* – Og med deg vere Herren.

P | Lyft dykkar hjarte.

A | Vi lyftar våre hjarte til Herren.

P | Lat oss takka Herren vår Gud.

A | Det er verdig og rett.

Innleiande lovprising

P | «I sanning verdig og rett er det ... » *Sjå prefasjonar for kyrkjeårstida.*

Heilag

A | syng: Heilag, heilag, heilag er Herrens Sebaot. All jorda er full av din herlegdom. Hosianna i det høgste. Velsigna vere han som kjem i Herrens namn. Hosianna i det høgste.

Nattverdbøn

P | Vi prisar deg, heilage Gud, Skapar av himmel og jord, du som har elska verda og gjeve Son din, Jesus Kristus, for at han skulle frelsa oss frå synd og død og vinna deg eit heilagt folk. Vi bed deg: Send din Ande over oss og dine gåver, så vi i tru kan ta imot Jesus Kristus i brødet og vinen.

Innstiftingsorda

P | Vår Herre Jesus Kristus, i den natta han vart sviken, tok han eit brød, takka, braut det, gav læresveinane og sa: Ta imot og et! Dette er min kropp som blir gjeven for dykk. Gjer dette til minne om meg.

Like eins tok han kalken etter måltidet, takka, gav dei og sa: Drikk alle av den. Denne kalken er den nye pakt i mitt blod som blir utrent for dykk så syndene blir tilgjevne. Kvar gong de drikk av han, så gjer det til minne om meg.

P | Mysteriet i trua er stort.

A | Kristus døydde. Kristus stod opp. Kristus skal koma att. Han vere ære for kjærleiken som er sterkare enn døden.

P | Nådige Gud, til minne om Son din, han som leid og døydde for oss, feirar vi med takk og glede dette måltidet i trua på hans sigerrike oppstode og himmelferd medan vi ventar på at han kjem att i herlegdom. Vi bed deg: Fyll oss med din kjærleik, så vi kan kjenna att Kristus i den som svelt og tørstar. Lær oss å elska kvarandre som du har elska oss, og lat oss ein gong samlast hos deg i ditt full komne rike.

Fader vår

P | Lat oss saman be Herrens bøn.

A | Vår Far i himmelen. Lat namnet ditt helgast. Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt og makta og æra i all æve. Amen.

Fredshelsing

P | Guds fred vere med dykk.

A | Guds fred vere med deg.

Guds Lam

A | /: Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, miskunna deg over oss. ./

Du Guds Lam, som ber all verdsens synder, gjev oss din fred.

P | Kom, for alt er gjort ferdig.

Nattverdsmåltidet

Utdelingsord: Dette er Jesu lekam - Dette er Jesu blod.

Etter utdelinga seier liturgen:

P | Den krossfeste og oppstadne Jesus Kristus har no gjeve oss sin kropp og sitt blod som han gav til soning for alle våre synder.
Han styrkje oss og halde oss oppe i ei sann tru til det evige livet.
Fred vere med dykk. +

Takkebøn

P | Trufaste Gud, du som i dåpen har gjeve oss barnekår og gjort oss til arvingar i ditt rike; Vi takkar deg for dette måltidet, der du har gjeve oss forlating for syndene og fornya oss i trua på dine lovnader. Vi bed deg: Styrk oss med din Ande til vitnemål og teneste i verda. Amen.

Sending

Salme

Velsigninga

P | Lat oss prisa Herren.

A | Gud vere lova. Halleluja. Halleluja. Halleluja.

P | Herren velsigne deg og vare deg.

Herren late sitt andlet lysa over deg og vere deg nådig.

Herren lyfte sitt åsyn på deg og gje deg fred. +

A | Amen. Amen. Amen.

Tre gonger tre bøneslag.

Postludium

Sending

P | Gå i fred. Ten Herren med glede.